

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. nr.85.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Tru og segner um veidar.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1. I mi heimbygd var lite ^{veiding} ~~veiding~~ ^{svar} ~~svar~~, det er eit öyherad. Noko segn um at dei ikkje skulde drepa ~~svare~~ ^{svare} dyr ukjent.
2. Noko forteljing um straff for brot på slike reglar veit eg heller ikkje um.
3. Noko um sundagsveiding kjenner eg heller ikkje til.
4. Heller ikkje noko um skadeskotne dyr.
5. Det skulde vera gamalt at veidaren ikkje måtte möta kvinnfolk på vegen ut.
6. Sume snudde um då dei mötte kvinnfolk, fortel dei.
7. Dette at veidaren hadde rett til visse luter av dyret ukjent for meg.
8. Likeso dette.
9. Björn var der ikkje i mi heimbygd. I Skjold skal den siste björnen vera skoten av ein gamal lærar, han vart yver 100 år og døydde noko för 1940. Johannes Halleland, heite han.
10. -12 veit eg ikkje noko um.
13. Serleg kjenner eg eventyr um snilde björnar, elles ikkje.
14. Eg kjenner soger um at dei vergde seg mot udyr ved eld, larm og anna.
15. Dette er ukjent for meg.
16. Såg dei udyr skreik dei etter folk. At dei hadde makt yver dyret um dei såg dyret för dyret såg dei, kjenner eg ikkje.
17. ~~12~~ og 18. Ukjent for meg.
19. Tog som stengle mot skrubb vanleg. Dei spente tog millom Sandeid og Ölen. At dette vart laga på visse måtar ukjent. Etter 1840 hadde dei på Nedstrand skrubbegakt: tok til i austre enden og dreiv vestetter og nordetter til Skjold, so skulde dei yverta vidare. Dei skreik, huja, skaut, slo på stokk og stein for å skröma skrubb.
20. Vanleg var å krossa dörer og anna för jol.
- 21-29. Dette veit eg lite um.
30. Noko innsig av udyr seinaste åri kjenner eg ikkje til.